


BRUBYGGJAREN

Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik



Nr. 2 | juni 2023 | Årgang 65



Eidfjord kyrkje – her får du meir enn brød og vin

Eit lite glimt av «Ferie utan koffert». I mai kom Bjørg Børve Dvergsdal frå Kinsarvik blomar på besøk. Ho gav gode tips rundt sommarblomar og hadde bilen full av blomar. Til middag stod salatbuffet på menyen.

ULVIK OG EIDFJORD SOKN

Ulvik kyrkjekontor:

Ulvik kyrkjelydssenter, Storøyeni 6, 5730 Ulvik

Dagleg leiar/kyrkjevevje:

Willemina van Manen, tlf. 56 52 68 00 / 913 42 917

kyrkjevevje@ulvik.kyrkja.no

Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Bergo Aarvik, tlf. 452 28 287,

tiljorunn@gmail.com

Soknerådsleiar: Knut Nes, tlf. 976 68 025

Eidfjord kyrkjekontor:

Lægredsvegen 24, 5783 Eidfjord, tlf. 53 66 52 51

Kyrkjevevje:

 Tone Felle Nesheim,

tone@eidfjordkyrkje.no

Assisterande kyrkjevevje:

 Irene Viveli,

irene@eidfjordkyrkje.no

Organist:

 Kris Ulita, rufsenis@gmail.com

Kyrkjetenar:

 Christian Bouvain,

christian@eidfjordkyrkje.no

Barne- og ungdomsarbeidar

Manuela Bjotveit, manuela@eidfjordkyrkje.no

Diakoniarbeidar og klokkar:

 Ingeborg Wijland,

ingeborgwijland@gmail.com

Soknerådsleiar: Kari T. Hovland, telefon: 913 86 874

Sokneprestar:

Eidfjord:

 Johannes Pettersen,

53 66 52 51 / 913 40 828

Ulvik:

 Bengt Staffan Arvidsson

BA735@kyrkja.no, tlf. : 902 58 161

Eller kontakt:

 Voss kyrkjekontor – prostena,

tlf. 56 52 38 80

Redaksjon for kyrkjebladet:

Tone Felle Nesheim, Wilma Bergman,

Kjersti Næsheim, Willemina van Manen, Knut Nes

og Stein-Arnold Hevrøy.

Redaktør:

 Steinar I. Bergo, tlf. 908 41 077

steinar.bergo@ulvik.org

KONTONUMMER: 3530 31 60378

VIPPS: 593359


Bladpengar for 2023 kr 200,-

Utanbygds kr 300,-

Utanlands kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalingar og gåver til kyrkjebladet.

**Nettopp du gjer at me held hjula i gang!
Takk til annonsørane våre for støtta,
og me oppmodar bygdefolka om å
støtta dei igjen!**



Soge, tradisjon, kunnskap eller tru?

Redaktøren er ingen teolog eller politiker, men meiner å ha litt kompetanse på filologi, pedagogikk, historie og har opplevd ei viss utvikling i kyrkje, skule og samfunnet elles.

TEKST OG BILETE: REDAKTØREN

Ein gong kom prestane på skulen og overhøyrd undervisninga. Det opplevde ikkje eg i mi skuletid, men det gjekk buss frå Aurdal joledag, og der var heile grenda med. I kyrkja sat me stille og heldt kjeft, fordi det var me oppdregne til. Preika var helst til dei vaksne, så gleda vår var bussturen og det å treffa andre ungar. Det neste framsteget i denne utviklinga kom i neste generasjon. Då fekk ungane snop for å klara denne timen i benken. Seinare kom det teiknesaker til utlån for å få tida til å gå.

På skulen hadde me pugga både salmevers og bibelsoge, så me kjende historiane, men eksegesen til prestane frå preikestolen gjekk vel litt over hovudet på oss! Dette med pugg har kome litt i miskreditt i skuleverket, men trass i Google så er det ikkje så dumt å sleppa å googla alt. Det er både tungvint og vanskeleg dersom me ikkje har straum. Ein del nøkkeluknskap er viktig, både i historie, grammatikk og anna!


Telefontider Eidfjord kyrkje

Kyrkjekontoret i Eidfjord er ikkje bemanna alle dagar. Du treffer oss lettast på telefon tysdagar og torsdagar frå kl. 09.00–14.00.

Du kan gjerne prøva å ringja utanom telefontida, men då kan det henda det ikkje er folk tilstades.



Sirina og Tindra viser fram det dei har laga.



Bengt og Linda er blitt veldig flinke til å vera med på ulike rørsler.



Linda fortel borna om påsken.
Foto: Willemina van Manen.

Alexander Kielland skriv i romanen «Gift» om lille Marius som pugga latin, eit av mange sett på som gammaldags og unødvendig. Det vert mellom linjene hevda at Lille Marius døydde av pugginga. Dette er fiksjon! Eg har aldri opplevd eller høyrte om nokon som har døydt av å læra utanboks. Derimot veit eg at ungar i ein viss periode har lettare for å læra utanboks enn eldre. Ja, det skal til og med vera god trening for øverste etasjen! Spør litt til års komne folk i dag etter dikt, historie, salmevers eller bibelsoge, så får du svar – utan at dei må googla! Noko dei heller ikkje kan? Eg har fylgt med dataevolusjonen frå «Tiki-100», vore dataansvarleg på to skular og er bra hekta, men kanskje me kan få det beste av begge delar. Kunnskap som me har med oss, er viktig for å skjønna både soge, tale og kunst.

I norsk i ein Vg. 2 klasse las me eit førmodernistisk dikt av Paal Brekke, «Brokker av kaos». Modernismen hadde sine utfordringar, men ei jente bad om forklaring på ordet «Sodoma». Veit du som lesar det?? Ho fortalde vidare at mora sa stundom at «rommet hennar såg ut som eit Sodoma!» Ho hadde skjönt at det ikkje var særleg positivt, men forstod ikkje innhaldet. Dette viste ei endring i opplæringa! Kva med «å retta bakar for smed» eller senda nokon frå «Herodes til Pilatus»? Om ein trur eller er «truande til litt av kvart», så er kunnskap om vår soge og våre

tradisjonar viktige for å gjera oss til eit folk, for samhald og identitet. I motsett fall vert vi assimilerte av andre folkeslag. No kjem eg langsamt til poenget.

Presten snakkar tradisjonelt i 20 minutt, læraren i tre kvarter! Eg er ikkje den som er oftast i kyrkja, og når eg er der, har eg gjerne eit oppdrag med kamera frå galleriet. Men som gammel pedagog har eg med interesse opplevd korleis Jorunn, Linda og Bengt med andre hjelpapar arrangerer gudstenester på borna sine prinsipp. Bibelforteljningane vert dramatiserte og fortalde tilpassa borna. Borna får gjera ulike aktivitetar og treng ikkje sitja som ljøs og teia stille. Dei kan fortelja om kjekke opplevingar, slik at fleire kjem, tek del og kan læra. Dei vaksne får og ei fin oppleving i lag med borna. Det er som i lysløypa. Borna er avhengig av at foreldra fylgjer dei! Det er plass til alle både i skiløypa og i kyrkja. Eg har lese noko slikt som «Lat småborna koma til meg». Der er ingen «kvalitetskontroll», og det må vel vera den største misforståinga å tru det. Moralen må vera at kva andre tenkjer og trur, er ei privatsak, både kyrkja og elles. Og Brubyggjaren skal vera for alle!

Tre generasjonar spela i Ulvik kyrkje




Oskar i lag med far og bestefar.



Oskar på orgelkrakken.



Herman og Oskar med pappa, Arne.



Arne på pianoet nede i kyrkja.

TEKST OG BILETE: REDAKTØREN

Ein diskuterer ofte om eit menneske er prega av arv og miljø. Eleven som hadde fått dårlege karakterar, spurde faren om han trudde det skuldast arv eller miljø? Men for somme betyr det dobbel positiv dose! Det fekk me glede av i Ulvik kyrkje under borna sin påskefest den 19. mars. Me kjenner godt Daniel etter mange år bak orgelet. Men her fekk me oppleva barnebarnet, Oskar, som med sine tolv år stod for både preludium og postludium. Besten spela på orgelet mellom start og avslutning. Den mellomste «bukken bruse», Arne, spela til fleire songar på pianoet. Fritt etter Hauge frå «Kuppem skrid i Squaw Valley» vil eg seia at eg som sambygding «greip fastare om staven»! Med dei var bror til Oskar, Herman, og nokon fortalde at han òg var musikar, gitarspelar.


Kulturmidlar

Siste nytt er at Brubbyggjaren har fått kulturmidlar frå Ulvik herad, og me takkar hjarteleg for 4000 kroner! Det er òg sendt søknad frå Brubbyggjaren til Eidfjord kommune. Men tildeling av kulturmidlar skjer seinare på året i Eidfjord.

Me trossa vinden og kulda

TEKST: MANUELA BJOTVEIT
BILETE: CHRISTIAN BOUVAIN

Sjølv om det bles opp til stiv kuling 1. påskedag, kom det omtrent 30 personar for å feira påsegudsteneste ute på Liseth. Til kyrkjekaffi fekk me koma inn i den varme peisestova til Lars og Bjørg på Liseth pensjonat. Tusen takk for hyggeleg vertskap og gode kaker. Me satsar på strålende solskinn i påsken 2024 og kjem gjerne att til fjellgudsteneste.



PS: Den 17. mai fekk Daniel tildelt Ulvik herad sin kulturpris for langt og solid arbeid med musikk i Ulvik. Redaktøren har fått låna eit bilete av Knut Børge Skurtveit. Namnet Skurtveit assosierer me som køyrde motorsykkel i 1960-åra med ei blå folkevogn. Men alle Skurtveitarar er kjende som spreke fjellfolk! Biletet viser varaordførar Jens Olav Holven som overrekkjer premie og diplom til Daniel på Elvatun.

Me gratulerer så mykje!



Minne om Betel



Elisabeth nevner mange «stikkord» frå livet på Betel. Men kjenner du igjen nokon? Dei er vortne veldig store no. Kjenner du igjen deg sjølv på biletet?



Tida går, men mange litt eldre, har gode minne frå Elisabeth og Tore Kopperud med born. Dei var prestefolk i Ulvik frå 18. august 1974 til uti 1980.

Elisabeth har sendt oss eit bilete og gode minne om aktiviteten på Betel. Det er kjekt at dei framleis les kyrkjebladet vårt! Ho skriv: «Sender et bilde fra søndagsskolen på slutten av 70 - tallet. Der vil nok noen kjenne seg igjen. Det var rektoren på Brakanes, Nils Storebø, som i hovedsak drev den. Veldig mange barn gikk der. Betel fungerte på mange måter som kirkens menighetshus. Direktøren på Ulvik Hotel, Katharina Vikør, kastet seg inn i arbeidet og sørget for en betydelig oppgradering. I tillegg til det du nevnte, var det mange barn i Knyttingen, der din bror, Olav, en praktkar, var med sammen med meg. Snakk med Bjørg Hide. Hun var med på å starte opp torsdagsklubben som var på formiddagen én gang i uken, der

hovedvekten lå på musikk. Vi laget instrumentene selv til vi fikk kulturmidler fra kommunen. Husker da tensing invaderte bygda. Husker godt Kjell Grønner, men Rune Larsen var med i flere år, og jeg mener også Ivar Skippervold var med. Lederne var på besøk og samtale i prestegården. Misjonsforeningen hadde stor basar på Betel hvert år med de vakreste ting. Stor samling for hele Samskipnaden i Vestlandske indremisjon var der. Kirkekaffer, fester og når prester kom og gikk, da var det på Betel. Jeg kom på i forbindelse med torsdagsklubben jeg drev sammen med Bjørg Hide, at Eileen Uppheim laget noen plakater som var rene kunstverkene....»



Tore og Elisabeth med alle barneborna i Ulvik kyrkje då dei vara samla i Ulvik. Då redaktøren fekk sjå biletet, tigga han seg til å få trykka det i bladet. Dei var i Ulvik då dei feira gullbryllup i 2020. Mykje framtid her!

Pinse- gudsteneste i Osa

Vêret spela ikkje på lag i år. Men det var mykje folk samla i gamleskulen, rundt 60. Dåpsbarn hørde med. Det sytte familien Kvalvik Utne for! Dåpsbarnet heiter Linus, systera Luna Maria ser på, saman med foreldra Maja og Arild. Gudstenesta i Osa er blitt ein tradisjon. Soknerådet hjelper til med det praktiske.



Linus klar for dåpen.
Bilete: Bestemor Grete



Linus ser ut over kyrkjeryden, nydøpt og med stor ro.
Bilete: Bestemor Grete



Tekstlesar er barne- og ungdomsarbeidar Jorunn Bergo Aarvik. Bilete: Willemina van Manen



Prest Bengt Staffan Arvidsson velsignar kyrkjelyden.
Bilete: Willemina van Manen

Jordvenn – eit nytt prosjekt for ungdomar

TEKST & BILETE: MANUELA BJOTVEIT


I år har me invitert 6.-8. klasse til eit nytt prosjekt som heiter Jordvenn. Me har vore mykje ute i naturen og høyrte om Jesus som vil vera vår venn, slik at me kan bli venn med jorda og andre menneske, og ikkje minst venn med oss sjølve. Me har hatt tre samlingar og ein leir.



På den første samlinga vart det pizza og kinokveld. Me såg i lag «Narnia – Løven, hekka og klesskapet». Det er ein eventyrfilm, men med ein viktig bodskap. Løva står nemleg for Jesus. Han gav livet sitt for å redde oss menneske, og så stod han opp

att og sigra over døden. Påskeevangeliet forklart på ein annan måte.

Den andre samlinga hadde me ute i naturen. Møtestad var Natursenteret. Derifrå gjekk med rundt Lund til grillhytta. Ein kjekk tur. Undervegs høyrde me om Jesus som vil vera gjetaren vår, ljuset i mørket, levande vatn og brødet på bordet vårt. Ungane fekk kjenna på korleis det er å stola på nokon når ein er blind. Kvelden blei avslutta rundt bålet med pølser og pinnebrød.



På den tredje samlinga gjekk me ut på vatnet. Før me prøvde oss på fjorden høyrde me om Jesus og Peter som gjekk på vatnet. Det prøvde me ikkje. Så stor var visst trua vår ikkje. Men me fekk prøvd oss på kajakk. Michael frå Best Adventures guida ungdomane og dei vaksne trygt utan at nokon datt i vatnet. Det var ein kjekk ettermiddag.

Fire tøffe ungdommar blei med på leiren til Simadalen. Det vart isbading i elva og i fjorden tre gonger. Me vaksne fraus på land, mens ungdomane bada. Elles gjekk me på tur, grilla, bygde altar, song, spelte fotball og hadde det veldig kjekt i lag. Søndagen avslutta me leiren med ei friluftsgudsteneste. Sist gong det var gudsteneste i Simadalen var i 2011. Så me var litt spente kor mange som vil finna vegen inn til oss. Men det blei heile 40 store og små som koste seg med song, bønnevandring og kyrkjekaffi i strålende solvêr.



Påskevandringar i Eidfjord kyrkje

TEKST OG BILETE: MANUELA BJOTVEIT

Vekene før påske er nokså travle. Mange born skal besøkje kyrkja i denne tida for å høyre påskeforteljinga.

Fyrst vart det ei kort påskesamling med song og såpebobler for dei minste frå barnehagen.

Då dei eldre frå barnehagen kom på besøk gjekk me på vandring gjennom kyrkja. Der høyrdet me påskeforteljinga ved hjelp av ulike stasjonar. Borna fekk smaka på oblatar, og dei lyfta ein tung stein. Alle fekk teikna med tusj på ein stein som dei la utanfor kyrkja. No er det pynta så fint der ute.

Påskevandringane avslutta me med ni kjekke ungar frå 1.–3. klasse. Her gjekk me òg på vandring for å finna att påskeforteljinga. Denne gongen hadde me i tillegg eit skikkeleg måltid og leik i hagen. Leiken handla om at Jesus vart teken i til fange. Steinen til grava var større og tyngre enn den barnehageborna fekk lyfta på. Songstund vart det òg. Dei eldste barna viste seg å vera like kreative som dei yngre. Kunstverka fekk dei med seg heim.

På bilete kan du sjå nokre glimt frå den kjekke ettermiddagen me hadde i lag med skuleborna.





KONFIRMANTLEIR

In LOVE

TEKST OG BILETE: MANUELA BJOTVEIT

I år var me nesten like heldige med vêret som i fjor. Sola skein på oss når me trong ho. Liseth er ein fantastisk plass å vera. God mat fekk me som alltid. Nattesøvn blei det faktisk òg litt av for alle. Konfirmantane frå Eidfjord, Kinsarvik og Lofthus blei godt kjende med kvarandre. Me hadde samlingar, tid for fritid, tid for aking og litt skigåing. «In LOVE» er me nok med plassen på fjellet, og så blir ein jo litt glad i kvarandre òg, når ein blir kjend med ungdomane gjennom konfirmantåret. Kjærleik til kvarandre, til oss sjølve og kjærleik frå Gud til oss var tema for helga.

Takk for ei fin helg. Me gler oss til å møta konfirmantane att i kyrkja ved seinare høve.



Soknerådsvalet og val av bispedømeråd 2023

10. og 11. september 2023 skal det veljast nye sokneråd og bispedømeråd. Valet skjer på dei same dagane som det er kommunestyreval. Ved kyrkjevalet i 2023 er det, for første gong, mogleg å stemme digitalt. Alle som er medlem av Den norske kyrkja og 15 år eller eldre i 2023, har stemmerett.

For å stå på liste, må ein vere 18 år eller eldre. Ved kyrkjevalet skal ein velje både sokneråd og bispedømeråd. Sokneråda har ein svært viktig funksjon i kyrkja. Dei skal handsame saker som gjeld kyrkjebygget, kyrkjegardane, og andre kyrkjesaker, og har ei aktiv rolle ved tilsetjingar i kyrkjelege stillingar. Arbeidsoppgåvene for rådet er varierte og interessante, så viss du vil vere med å utvikle kyrkjelivet i Ulvik og Eidfjord så ta kontakt med kyrkjekontoret.

Bispedømeråda er styringsorgan på bispedømenivå, og tilset mellom anna prestane. Bispedømeråda utgjer hovedyngda av Kyrkjemøtet.

Pinsegudsteneste med Brakanes skule

TEKST: BARNE- OG UNGDOMSARB. JORUNN BERGO AARVIK
BILETE: WILLEMINA VAN MANEN.

Av ulike grunnar vart det ikkje skulegudsteneste før påske i Ulvik dette året. I staden blei det pinsegudsteneste for elevane ved Brakanes skule. Tysdag 23. mai deltok elevar frå 1. til 10. klasse med prosesjon, song og tekstlesing i kyrkja. Rektor ynskte velkomen, og to sporty lærarar stilte opp som statistar i ei dramatisering av pinseforteljinga. Alt i alt vart det ei fin føremiddagsstund i kyrkja denne dagen.



Vallistene i Eidfjord og Ulvik

ULVIK

1	Astrid Jordal Børsheim	1974
2	Finn Johan Gjerde	1951
3	Kjersti Kolås Bergo	1949
4	Andreas Hjeltnes	1982
5	Guri Kristina Batta Bjørnstad	1974
6	Kristin Nesheim	1962
7	Lars Johan Tveit	1976
8	Liv Marie Osa	1989
9	Ivar Lindvik	1963
10	Marit Hydle	1967
11	Anna Sævartveit	1961
12	Unni Solem	1958

EIDFJORD

1	Kari Tveit Hovland	1964
2	Hans Hellevang	1949
3	Hilde Anette Oksavik Bu	1979
4	Ole-Johnny Odland	1984
5	Kjellaug Enge	1960
6	Ida Vivali	1991
7	Ann Kristin Steinhovden Wathne	1972
8	Arne G. Bu	1960
9	Elsa Maria Garatun	1948
10	Tone Anita Lund Garen	1965
11	Marit Tveit Aurdal	1954
12	Gunn Karin Aurdal Kjerland	1955
13	Kjersti Næsheim	1969

Ein gong ulviking alltid ulviking



Skulebrakka på Brakanes, bygd etter brannen 25. april 1940.

Det er kjekt at utflytta ulvikingar held kontakt med heimbygda gjennom Brubyggjaren, både som abonnentar og med litt minne og tankar. Det er viktig for alle, men særleg for dei som er nye i bygda at nokon formidlar bygda si søge. Det gjev identitet og knyter oss saman. Her er nokre ord frå Ivar Opedal til redaktøren: *«Eg har ikke så mykje å bidra med, men byrjinga i 1950-åra gjekk eg på sundgsskulen. Vi møttest på den gamle skulebrakka på Brakanes. «Lærar» var Sara Lindebrekke og kvart år hadde sundagsskulen joletreffest på Betel. Du skriv at Betel ikkje vart bomba 25. april 1940. Skulen vart bomba, og ifølgje bygdeboka vart undervisninga flytta til Betel og Elvatun inntil skulebrakka stod ferdig.»*

Eg driv og rydder i gamle papir, og fann der eit skriv forfatta av Arnvid Vestrheim: *«Minne frå barne- og ungdomstida i 30-åra og krigstida 1940-45»*. Skrivet låg i Ulvik då vi rydda opp der etter mor og eg tok det med meg til Drammen. Eg har no lese gjennom det, og der skriv Vestrheim: *«at i skuleåret 1942-43 var det ca 400 tyske soldatar i Ulvik, og dei budde både på Elvatun, Betel og Solhaug. Skulebrakka var då komen opp, men før det var det skule på Betel, på vetlesalen på Elvatun, i Doktargarden og på Lekve. Framhaldskulen var på Lekve inntil brakka kom opp.»*

Brubyggjaren takkar for ord som set i gang mange tankar vekker til live minne. Dei er viktige for bygdesoga og vår identitet.



Bufetat

**Har dere rom for en til i familien?
Nå er det behov for flere fosterhjem
i ditt nærområde.**

Det er mange trygge, gode familier med stor evne til omsorg i Bergensområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet?
Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom? Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på

fosterhjem.no

Illustrasjon

Dugnadsånda er levande i kyrkjene våre

Soknerådet i Ulvik hadde sin årlege vårdugnad på kyrkjegarden i byrjinga av mai. Ein trufast gjeng møtte opp og fjerna lauv og kvistar etter vinteren. Det er både eit hyggeleg og nyttig møte med rive og trillebåre. På ein kald maikveld nytta det ikkje å stoppa opp i arbeidet, og den obligatoriske kaffipausen måtte ein ta inne i sakristiet.

Kyrkja treng både vask og måling med jamne mellomrom. For å spare pengar vert mykje slikt arbeid ofte gjort av frivillige. I år målar Finn Gjerde sakristiet. Han slår fast at meir målearbeid står for tur.



Bilete: Wilma van Manen

Open kyrkje i Ulvik

mai – september

I samarbeid med Ulvik turistkontor er Ulvik kyrkje open når turistkontoret har ope.



No har me vaska golvet...

TEKST: MANUELA BJOTVEIT BILETE: EIDFJORD KYRKJE



Ein torsdag i slutten av april samla det seg ein kjekk og motivert dugnadsgjeng for å få kyrkjene skinande reine til konfirmasjonen og 17. mai. Utan mat – ingen krefter til å gå laus på skit og støv. Difor starta dugnadsgjengen med å ete ei god suppe. Deretter gjekk arbeidet som ein leik. Latteren sat laust medan dugnadsgjengen vår vaska gamlekyrkja og bytta ljospærerne i nye kyrkja. Mange kuplar skulle skruast av, vaskast og setjast på plass att. Men dei klarte det.

DEN BORTKOMNE SAUEN

ROLF SITT
FORTELJARHJØRNE




Nokre menneske lurte på kven som var viktigast for Gud. Då fortalde Jesus dei ei likning. «Tenk på ein gjetar. Kva gjer han? Han passar på sauene sine. Han gjev dei nok mat og nok vatn. Han tel dei for å vere sikker på at alle saman er der. Viss ein er borte, leitar han etter han. Han leitar på låven, og han leitar nær bekken. Han leitar i åsane. Han leitar overalt. Gjetaren gjev ikkje opp. Til slutt finn han den sauen som har gått seg

bort. Han ber sauen heim. Så roper han på alle venene sine og seier: «Lat oss feira! Eg har funne att sauen som var borte!» Så sa Jesus: «Gud elsker alle barna sine på same måte som ein gjetar elsker sauene sine. Når eit av Guds barn kjem bort frå Han, blir Gud veldig lei seg. Men når han eller ho kjem tilbake til Gud igjen, blir Han veldig, veldig glad. Då er det fest i Himmelen.»



FINN FRAM FARGEPLYNTAR

Kilde: Tekst: «Bibelen for dei små. Tidlause bibelhistorier» 2007.
Hermon Forlag AS Bliete: Manuela Bjotveit
Fargelegging: www.craftingthewordofgod.com



© Crafting The Word Of God

Eidfjord si spennande fortid!

TEKST: REIDAR GJØTTERUD OG MANUELA BJØTVEIT
BILETE: CHRISTIAN BOUVAIN

7. mars 2023 var det tid att for «Ferie utan koffert» i Eidfjord kyrkje. Det blei ein spennande, flott og veldig lærerik føremiddag.

I Eidfjord har me i nokre år hatt eit «Vikingpar» utanom det vanlege. Dei kjem frå Belgia og Tyskland, heiter Claudia og Mark, og driv mellom anna eit firma som heiter Ravenheart.

Gjennom flotte filmar og svært interessant føredrag fekk me høyre mykje om Hardanger si fjerne fortid, og fram igjennom til vikingtida. Dei hadde òg med seg ei rekkje gjenstandar knytte opp mot dette. Den nærmast fulle salen som hørde på, blei introdusert for spennande gamle funn i store delar

av Hardanger og funna av gamle hus, ikkje minst det store langhuset på Læg Reid på opp mot 50 m. Eg trur me alle vart mektig imponerte, og noko overraska over alt det spennande dei kunne fortelja om.

Deira kunnskap og entusiasme om «riktig gamle dagar» overgjekk langt det me «innfødde» hadde frå før. Spesielt filmene dei hadde fått produserte, var noko alle me i bygda her burde få med oss. Det har alle moglegheit for, då dei har ei utstilling om dette på «Tunet på Haugen».

Til slutt denne føremiddagen fekk me som vanleg nydeleg middag: Hjortegryte! Kaffi og dessert var det òg. Tusen takk til dei i kyrkja som lagar dette flotte arrangementet for oss over 65 i Eidfjord.



Fasteinnsamlingane

Kyrkjeverja i Ulvik skriv: Fasteaksjon kom på kr 6.089,- (me hadde talt kr 6.090,-), men me hadde oversett at ei av myntane var ei dansk krone! I dag las eg på Fasteaksjonen si websida at Ulvik sokn har samla inn kr 8.575,-.

Eg reknar med at kontantinnskottet er med, men skal sjekka totalbeløpet ein gong til etter påske. I tillegg kom det inn kr 2.055,- i offer. Kyrkjeverja i Eidfjord skriv: 12.124,- i kontantar. I tillegg kjem vipps utan at summen er klar her. Takk til alle som støtta aksjonen!



ULVIK

22. FEBRUAR 2023

Folkemusikkmesse

Ei fantastisk stund i Ulvik kyrkje: Folkemusikkmesse i Ulvik kyrkje med Rannveig Djønne - toradar, Marta Lindvik og Elise Østeraat - hardingfela, Bengt Staffan Arvidsson - fløyte, Edyta Bryk - orgel og lokale vokalistar Unni Solem, Vibeke Johnsen, Solfrid Holven, og Kjersti Johanne Nybø.

Frå folkemusikk gudstenesta
i Ulvik kyrkje.
Bilete: Willemina van Manen.



Gudstenesteliste

ULVIK

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
16.07.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste m. nattverd, dåp
13.08.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste m. nattverd, dåp
10.09.2023	16:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Kl. 11: Historisk vandring Granvin-Ulvik
24.09.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Hautstakkefest + T4
15.10.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste m. nattverd, dåp
22.10.2023	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste m. nattverd, dåp

Du kan bruke Vipps ved ofringa og ved gåver.

Vipps Ulvik kyrkje:
125390



EIDFJORD

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
25.06.2023	11:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	
25.07.2023	18:00	Tysdag	Eidfjord gamle kyrkje	Jakobsmesse
06.08.2023	11:00	Sundag	Naturesenteret	
20.08.2023	11:00	Sundag	Skulehuset på Bu	
03.09.2023	11:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	
17.09.2023	11:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Presentasjonsgudsteneste

Du kan bruke Vipps ved ofringa og ved gåver.

Vipps Eidfjord kyrkje:
127865

Vil du ha SMS med påminning når det er gudsteneste i Eidfjord kyrkje?

Ta kontakt med kyrkjekontoret telefon 53 66 52 51 eller e-post post@eidfjordkyrkje.no så set me deg på lista!

Som dagane går...

Døypte

Ulvik

Ragnhild Syse
Iben Adelheid Wallevik
Synva Opheim
Alvhild Langballe
Edda Langballe
Linus Kvalvik Utne
Ingeborg Hamarland

Eidfjord

Millea Sofie Heskjær Bu

Vigde

Eidfjord

Sandra Læg Reid og Anders Holm


Avlidne

Ulvik

Sigmund Boge, fødd 1946
Oddmund Øydvin, fødd 1930
Katrina Helvig Grimeland, fødd 1933
Bjørn Sævd, fødd 1941
Liv Buran, fødd 1925
Olav H. Lekve, fødd 1928

Eidfjord

Eva-Grethe Lund Læg Reid, fødd 1941
Anne Istad, fødd 1967. Gravlagd på Voss.
Aslaug Riber, fødd 1930
Kristoffer Huse, fødd 1966
Marit Sæbø, fødd 1937



Kva gjer ein prest med eit sverd?



TEKST OG BILETE: MANUELA BJOTVEIT

Laurdag etter påske var tolv minikonfirmantar frå Lofthus, Kinsarvik og Eidfjord samla på Bu grendahus. Det var ein kjekk dag fylt med påskeforteljing, kreativitet, song, pizza og mykje lek og moro. Dagen blei avslutta med ei andakts gudsteneste i lag med foreldre og besteforeldre.



Alle fekk dekorere ei notabok.



Ungane var veldig flinke å syngja i lag med Johannes.



Andakts gudsteneste på slutten av dagen.



Leni fortel påskeforteljinga.



Det var veldig gøy med fallskjerm.

Årsmøte i Brubbyggjaren

Det vart halde årsmøte for Brubbyggjaren den 28. mars. Møtet var i Eidfjord. Kari T. Hovland leia oss gjennom sakene. Nokre hovudpunkt frå årsmøtet: Det gode samarbeidet som er etablert, vil halda fram. Økonomien er litt stram, men ein ynskjer ikkje å fylla bladet fleire annonser. Det er å vona at abonnentane held liv i bladet, slik at me slepp å vurdera færre utgåver.



Hyggeleg møte i Eidfjord. Bilete: Redaktøren.

Fjell & Fjord
KAFÉ - KREMMERI

Vårt Fjell & Fjord Hjerte
er takknemlig;

Lokal handel gir livsgnist!

Velkommen til Eidfjord

www.effh.no / 53 66 52 64

GRAVFERDSTENESTER

inst i Hardanger

Handel & Handverk - Wollert Nordabl - 5730 Ulvik

Me hjelper gjerne til med det som pårørande ynskjer
hjelp til etter eit dødsfall, slik som

- transport av båre (også henting på sjukehus)
- lysingar, gravferdssongar,
- og andre praktiske ting med papir og seremoniar.

Eg er å treffa til nesten alle døgnet tider
på tlf. 56 52 64 47
mob. 952 10554 / 952 13375

BLOMABUTIKKEN

5730 Ulvik – Tlf. 56 52 64 47

Me tek i mot tingingar
av blomahelsingar til alle høve,
i glede og i sorg.

I samband med dødsfall

kan me levera

blomahelsingar til dei pårørande,

keransar

båredekorasjonar

bårebukettar.

Me tek også på oss pynting av kyrkja.

Me tek gjerne på oss
pynting og stell av graver.

GRAVMINNE

Me leverer og monterer gravminne
i samarbeid med

EIKNER 
NATURSTEIN AS
(også oppussing av eksisterande steinar)

Ta kontakt med

Wollert Nordabl - Ulvik - tlf. 56 52 64 47

MURMESTER
Nils Gunnar
ØYDVIN AS
Mob. 971 85 452 – www.ulvikbygg.no



ULVIK 
 **VVS**
Tlf. 913 77 113 E-post: rolf@ulvikvvs.no

Masjinentreprenør
Arne Osa

5730 ULVIK

TLF. 56 52 64 82

MOB. 91 10 18 95



Me ordnar alt vedrørende dødsfall

Sal og service av gravmonument – Formidling av blomar

Vinsands **VIRKE**
GRAVFERDSBYRÅ **GRAVFERD**

56 51 11 94 / 415 54 522

www.vinsand.no

FJORDTIND
HOTELS

Velkomen til oss på Brakanes Hotel i Ulvik
og Quality Hotel Vøringfoss i Eidfjord

Hjå oss kan de feira dei store dagane i livet, koma saman i trivlege lokale
og få servert både tradisjonsrike og spanande matopplevingar.

Brakanes Hotel: 56 52 61 05 // brakanes@fjordtindhoteles.no

Quality Hotel Vøringfoss: 53 67 41 00 // qvoringfoss@choice.no

ULVIK BENSIN & SERVICE
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89

Mob. 907 54 533




**Det finst mange
små og store draumar
på Vestlandet**

No lanserer vi **kundeutbytte**, så
endå fleire draumar kan bli verkelege

Sparebanken Vest er ikkje som andre bankar, hos
oss er kundane den største eigaren. Alle kundar
med lån eller innskot får delen sin av overskotet,
direkte utbetalt til seg og sine.

Les meir på spv.no/kundeutbytte

 SparebankenVest



Konfirmantar, Eidfjord 6. mai

Frå venstre: Eivind Bu, Ingrid Ane Sæbø Læg Reid, Kaia Herland, Ingeborg Vik, Una Herland, Lisa Fredheim
Limstrand, Lars Magnus Læg Reid, Johannes Hystad Pettersen (prest)



Konfirmantar, Ulvik 7. mai

Frå venstre: Emma Plonska Mediå, Oliver Williksen, Aina Emilie Hjortland-Bergo, Simen Bakkan Ådland, Synva
Opheim, Tobias Hatlestad, Johanna Hjeltnes, Lasse Hatlestad, Philipp Hjeltnes. Prest Bengt Staffan Arvidsson.

Bilete: Redaktøren. Du kan få tilsendt kopi i stor oppløysing
frå Bruyggjaren, dersom du vil ha eit minne!